



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Modalen Kraftlag SA

5729 MODALEN

Vår dato: 04.07.2017

Vår ref.: 201300551-30

Arkiv: 312

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Rune Moe

22959315/rmo@nve.no

Modalen Kraftlag BA – Søknad om løyve til bygging av Nåmdalselva kraftverk i Budalselva i Modalen kommune i Hordaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til søknad datert 10.03.2016

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av bygging av Budal II kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KSK – notat nr.: 55/2017 - *Bakgrunn for vedtak*. Vi syner til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld bygging av Nåmdalselva kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Før det vert utarbeidd tekniske planar for dam og vassveg, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og det må vere fatta vedtak. Konsekvensklassen er avgjerande for krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar. Regelverk, retningslinjer og rettleiarar for klassifisering og tekniske planar for vassdragsanlegg finst på www.nve.no, under meny punkta Sikkerhet, tilsyn og beredskap -> Damsikkerheit -> Regelverk.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse. Detaljerte planar skal leggst fram for NVE sitt regionkontor i Førde.

Vi viser elles til NVE sin rettleiing 2 og 3 frå 2013 «*Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga.*» og «*Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon*» som fins på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi framhever at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine nettsider.

NVE gjer merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein månad i føreveg skal registrere verksemda i det tolldistriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Årets rettleiar for forbruksavgift på elektrisk kraft finst på www.toll.no. Meir informasjon kan de få ved å vende dykk til næraste tollstad.

Forholdet til energilova

I tillegg til denne konsesjonen etter vassressurslova må ein ha nødvendig løyve etter energilova før utbygginga kan starte. Samstundes med innsending av detaljplanar må det liggja føre ei endeleg avklaring frå netteigar om at det er ledig kapasitet i lokalt og overliggande nett. I tillegg må tilknytning av høgsphantanlegg vere avklara med områdekonsesjonær. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane før dette ligg føre.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan 01.09.2017, jamfør forvaltningslova kapittel VI. Grunna ferieavvikling i klageperioda vert fristen sett lengre enn tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkjar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer råka interesser).

En klage skal begrunnes skriftlig, stiles til Olje- og energidepartementet og sendes til NVE. Vi foretrekker elektronisk oversendelse til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med hilsen

Øystein Grundt
seksjonssjef

Rune Moe
overingeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: